# Dovrehytta reiser seg



**Bilde: Dovrehytta som Holz100 Norge AS har ansvaret for oppsetjinga av. Byggeleder er Heinz Korschniezke. Foto: Aud Einbu.**

DOVRESKOGEN: Den nye Dovrehytta er i ferd med å koma under tak.
Dombås Bygg har entreprisen, men ikkje sjølve huset, det blir sett opp av Holz100 Norge AS, eit firma frå Braskereidfoss.
Huset er bygd av naturleg, massivt tre utan tilsetjing av kunststoff eller giftige materialer, og skal vera godt å bu i for allergikere og andre med ulike helseplager.
Veggelementa er laga ved at trelast blir lagt lagvis opp, vertikalt, horisontalt og diagonalt, til ein får den tjukkelsen ein vil ha.